



Hordaland Fylkeskommune
Regionalavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1950 - 15/18456

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

08.10.2015

Sluttrapport Småsamfunnsatsinga 2010 til Prosjekt Kårbø Liv og lyst/ Eldmerka

Bakgrunn

I slutfasen av livOglyst prosjektet på Kårbø ynskte ein å arbeida vidare med tanken om ei felles merkevare. I livOglystprosessen hadde det komt fram fleire produkt : Fenalår, økologisk pinnekjøtt, kurvar, syltetøy, gelear, saft og grønnsaker. Under namnet ”Kystgardmat” har ulike produkt vorte seld på Bondens marknad i Bergen. I tillegg var sal av fisk aktuelt.

Tenester: Inn På Tunet for skuleelevar, terapiriding, kurs i hest, rådgjeving og opplevingar.

Det var eit ynskje om å samla alle varer og tenester frå Kårbø og omegn i ei felles merkevare Eldmerket.

Eit tilbakeblikk:

- Under arbeidet med å utvikla ulike produkt var det drøfta korleis me skulle få profilert og marknadsført produkta våre. Kva var det unike med våre produkt og kva profil kunne me identifisera oss med.
- Til å hjelpa oss i dette arbeidet fekk me nytta Scandinavian Surface. Dei kom ut til Kårbø og gjennomførde ein workshop der me i løpet av eit par dagar fekk ei forståing for og ei innsikt i kva som skulle vera grunnlaget for vår profil.
- Me vart bevisst på at me er eldsjeler som brenn for natur, kultur, menneske, miljø og levesett litt utanfor det tradisjonelle ”A4” – livet. Det har noko med å finna roen, sjelefreden, kunne stoppa opp litt og det gode liv på landet. Det å drive gard i samspel ressursane. Bruk, men ikkje forbruk av kulturlandskapet. I tillegg kom historia om Eldsfjellet og det å finna heim når ein er langt utpå havet. Også som eit symbol for å finna tilbake til røter, tradisjonar, historia, livsfilosofi.
- Konklusjonen vart at ”Eldmerket” skulle settast på dei produkta som oppfylde desse kriteria.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Målsetjing

- Arbeida med å få fram eit felles merke, med krav til verksemder og produkt for å oppnå felles marknadsføring, profilering, synleggjering og distribusjon.

Aktivitetar

- Studietur
- Erfaringar frå andre
- Organisering
- Logo/heimesider
- Produkt og produktpakker

Oppnådd resultat

- Ein kjekk studietur til den grønne sløyfa – sjå eige vedlegg
- Kontakt med Laga og Aurland for å høyra om deira erfaringar
- Forslag til logo og heimesider utarbeidd
- Etter mange diskusjonar vart det laga eit oppsett over kva krav det skal vera til verksemder og produkt for å delta under merket.
- Produktpakker
- Det var jobba mykje med å få til samarbeid med andre reiselivsbedrifter og laga pakkar og prisar for dagsturar til Holsenøy med ulike tema og gardsbesøk. Fleire alternativ var utarbeidd og prisa

Vurdering mot oppsette mål

Ein nådde dei fleste måla som vart sett i prosjektet, men stranda på spørsmålet om eigarskap og organisering. Eit vesentleg spørsmål som ein ikkje kom i mål med var eigarskap til Eldmerket. Det var bygdelaget som har utvikla det, og ein hadde ikkje tenkt godt nok gjennom korleis dette skulle gå over i forretningsmessig bruk for fleire. Samarbeid i bygda har på mange ting fungert godt, men korleis organisera forretningsmessig samarbeid var meir utfordrande.

Planlegging og bygging av eigne bedrifter la etter kvart beslag på all ledig tid hjå deltakarane. Sansetunet vart bygd og sett i drift, og det er veldig positivt er at drifta deira har vore ein stor suksess, og at dei heldt fast på verdiar som å bruka lokale råvarer, naturlege tilsetjingsstoff og utvikla eigne produkt. Dei sel og mange «pakker» m.a bussturistar frå Bergen og omland. Helge Husebø er fast gjest på bondens marknad med grønnsaker, frukt og hjortepølse og produksjonen er aukande. Rene og Silje har starta eit nytt selskap Kårbø oppleving og tenkjer hest og sjø/fiske som ein del av dette. Soleis har prosessen medverka positivt til næringsutvikling for mange av aktørane, og bidrege til auka kompetanse og samarbeid sjølv om ein ikkje nådde målet om felles parably. Grunnarbeidet er gjort og planane ligg der så ein kan byggja vidare på dette konseptet når tida er moden for det.

Det vart arbeid mykje med mulighetane for direktasal av fisk frå Kårbø Kai. Både ordførar og andre engasjerte seg i dette, men det synt seg umogleg å få til pga regelverket og praksis på Vestlandet. Kommunen hadde konkrete planar om opprusting av kaien, men arbeidet vart stogga pga uavklarte

eigedomstilhøve. For å få klarlagt desse har kommunen vore gjennom handsaming i 3 rettsinstansar, og det er no slått fast at kommunen eig kaien, men ikkje sjøgrunnen utafor. Den planlagte utvidinga av kaien for betre tilkomst er difor lagt på is.

Oppsummering av prosjektarbeid

Arbeidet har gitt mange positive effektar, sjølv om hovudmålet som vart sett ikkje blei oppnådd. Prosessane som ein har arbeida med har bidrege til auka bevisstgjerung av kva kvalitetar som er viktig i dei produkta som vert produsert. Ein har fått meir kunnskap om andre som driv med det same i regionen og ein ser at det foregår samarbeid på tvers av bransjar. To av deltakarane som var med på studieturen har i etterkant starta serveringsbedrift på Sætrevik som er ei av nabobygdene til Kårbø. Lærdommen om det å arbeida i prosjekt og med prosessar vert og verande i regionen og kjem til nytte i andre satsingar.

Kårbø lukkast godt med å bli sett på kartet og Sansetunet som har brukt tilnærma kr. 0 på marknadsføring har fulle ordrebøker eit ½ år fram i tid. Dette at produkta er så etterspurd at dei i stor grad «sel seg sjølv» er og ein medverkande årsak til at ein ikkje kom i mål med å etablere Eldmerket.

Skrivet har vore sendt ut på høyring til prosjektleiar og dei mest sentrale deltakarane på Kårbø. Ingen har hatt merknader til innhaldet.

Vedlagt ligg sluttrekneskapskjema og kopi av logo m.m frå arbeidet med merkevara Eldmerka

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Logo og produktpakker frå arbeidet med Eldmerka
sluttrekneskapskjema -livOglyst - Kårbø - Eldmerka -ref 201100096

Mottakere:

Hordaland Fylkeskommune

Regionalavdelinga 5020

BERGEN